



EID KOMMUNE



KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

EID KOMMUNE 2013 - 2025

VEDTEKEN AV EID KOMMUNESTYRE 20. JUNI 2013



INNHALD

Forord	3
Vegen fram til samfunnsdel	4
Vegen vidare, frå visjon til handling	7
Oppbygging og omgrepsbruk	8
Eidasamfunnet i 2025	12
Å bu i Eid	14
Å vekse opp i Eid	16
Å ha sitt helse- og omsorgstilbod i Eid	18
Å arbeide eller drive næring i Eid	20
Å tilbringe aktiv fritid i Eid	22
Eid kommune som organisasjon	24

Kommuneplanen er det overordna styringsdokumentet for Eid kommune.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er forankra i plan- og bygningslova § 11-1. Der står det at kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

I Eid kommune sin planstrategi som vart vedteken 21. juni 2012, var det vurdert at kommuneplanen sin samfunnsdel som var vedteke 16. mars 2006, burde reviderast.

Det vart sett i gong revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel gjennom felles planprogram som var ute til offentleg ettersyn hausten 2012, og vart vedteke 25. oktober 2012.

Samfunnsdelen 2013 – 2025 erstattar den tidlegare samfunnsdelen som vart vedteken i 2006.



Foto: Øystein Torheim/Fantastiske Osberget

FORORD

Kommuneplanen sin samfunnsdel er ein overordna plan som skal vere både heilskapleg og langsiktig. Planen gir føringar for kommunen si verksemd og klargjer rolla som kommunen vil ha i samband med utvikling av Eid kommune som samfunn og organisasjon.

Eid kommune sin samfunnsdel er tufta på ein brei medverknadsprosess. Vi inviterte til brei deltaking for å skape eit fokus på kva vi ynskjer for framtida og kva Eid kommune si rolle i denne utviklinga skal vere.

For å gi like moglegheiter til deltaking, har vi lagt vekt på opne møte der alle er inviterte til å delta. Vi hadde ein runde med møte på ulike stadar i kommunen, der vi tok i mot anonyme innspel for å gjere terskelene for deltaking litt lågare. Det vart arrangert temamøte for

å følgje opp resultatet frå dei opne møta og diskutere enkelte problemstillingar litt grundigare.

Vi har no fått ein oppdatert samfunnsdel som skal fungere som eit politisk og administrativt styringsverktøy. Uttalte mål og strategiar gir føreseielege rammer for innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar og andre interesserte.

Måla er overordna og syner kva utvikling vi ynskjer i Eid kommune. For å kome nærare desse måla er vi avhengige av at andre aktørar lokalt, regionalt og nasjonalt også ynskjer denne utviklinga. I eit samarbeid kan vi påverke utviklinga til å gå i den retninga vi ynskjer.

Eid kommune som organisasjon vil følgje opp samfunnsdelen gjennom meir konkrete

kommunedelplanar for tema og sektorar, gjennom arealdelen og gjennom handlingsdelen. Denne er knytt til arbeidet med økonomiplan og vil difor sikre at det vert sett av ressursar til å gjennomføre dei handlingane som vert prioriterte ved den årlege rulleringa.

No handlar det om å samle kreftene i samfunnet for å få realisert den samfunnsutviklinga vi ynskjer.

Nordfjordeid, 12. april 2013

Ørjan Raknes Fortun
Rådmann

Alfred Bjørlo
Ordfører

VEGEN FRAM TIL SAMFUNNSDEL

JUNI 2012:

I planstrategien som vart vedteken av kommunestyret 21. juni, var revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel planlagt starta opp i 2012.

AUGUST 2012:

I møtet 30. august vedtok formannskapet at arbeidet med kommuneplanen skulle starte. Forslaget til planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel vart og behandla. Forslaget til planprogram vart vedteke sendt ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

PLANPROGRAM:

Når rammene for ein prosess er lagt i forkant av sjølve gjennomføringa, er det enklare for folk å vite når og i kva grad ein kan vere med å påverke utfallet i prosessen.

Planprogrammet har hatt denne funksjonen for kommuneplanrevisjonen. Det har mellom anna tatt opp rammene for planarbeidet, opplegg for medverknad og framdriftsplan.

Planprogrammet var ute på høyring frå 31. august til 13. oktober. Det kom inn elleve uttaler til planprogrammet innan høyringsfristen.

OKTOBER 2012:

Kommunestyret vedtok planprogrammet i møte 25. oktober.

OPNE MØTE:

For å få høve til å påverke utfallet av ein prosess, er det viktig at folk får kome med sine innspel tidleg i prosessen.

Det vart arrangert opne møte på ni ulike stadar i kommunen for å gi innbyggjarane eit lågterskeltilbod om å kome med anonyme innspel om kva som er viktig for framtidig utvikling av Eid kommune. Vi tok imot innspel til samfunnsdelen og arealdelen i same møte.

Foto: Fjordabladet



Møta vart gjennomførte i løpet av to timar. Etter informasjon om kommuneplanprosessen, fekk dei frammøtte vandre rundt på ulike postar og gi sine innspel. Postane var delte opp i bu, oppvekst, helse/omsorg, arbeid/næring og fritid. Innspela kom inn ved at det vart notert ned frå diskusjonen rundt postane og gjennom innlevering av skriftlege innspel. For å få med dei gode ideane i etterkant av møta, vart det sett opp ei postkasse for anonyme innspel på servicekontoret. Kommunen tok og imot innspel som ikkje var anonyme.

Dei opne møta vart arrangerte i perioden frå 13. november til 3. januar. Til saman deltok 170 personar på desse møta. Det kom inn over 500 innspel, nesten alle var anonyme.

JANUAR 2013:

Avdelingsleiarmøtet som vart arrangert 23. januar var knytt til arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel. Resultatet frå dette møtet vart brukt som grunnlag for å forme strategiane for utvikling av Eid kommune som organisasjon.

Det vart arrangert arbeidsverkstad med tema-grupper 28. januar. Det var ei temagruppe for kvart tema: bu, oppvekst, helse/omsorg, arbeid/næring og fritid. Temagruppene besto av representantar frå dei ulike politiske utvala og frå administrasjonen, i tillegg vart VAKN og Nordfjord Vekst inviterte til å delta i temagruppa for arbeid/næring. Temagruppene arbeidde med alt materialet frå tidlegare innspelsfasar. Utover materialet frå dei opne møta, inkluderte dette resultat og innspel frå tidlegare arbeid, mellom anna arbeidet med planstrategien. Resultatet frå arbeidsverkstaden var eit utkast til mål og strategiar og forslag til problemstillingar som burde diskutast nærare i opne møte knytt til tema.



Foto: Fjordabladet



Foto: Fjordabladet



Foto: Øystein Torheim/Fantastiske Osberget

OPNE TEMAMØTE:

Det vart arrangert to temamøte for å få fleire innspel knytt til gitte problemstillingar. 5. februar vart møtet knytt til temaet "Å leve i Eid" arrangert, her møtte ti personar for å delta i diskusjonen. "Å drive næring i Eid" vart arrangert 8. februar som eit frukostmøte, her deltok 25 personar. Alle problemstillingane vart drøfta og resultatet vart tatt med vidare.

MARS 2013:

Det vart gjennomført drøfting knytt til utvalde strategiar i samfunnsutviklingsutvalet, driftsutvalet og formannskapet i møta 6. og 7. mars.

Det vart arrangert arbeidsverkstad for tema-gruppene 11. mars. Her vart det arbeidd meir med mål og strategiar, og resultata frå dei to opne temamøta og frå drøftingane i dei politiske utvala, vart teke med inn i arbeidet.

MEDVERKNAD BARN OG UNGE:

Elevar på Eid ungdomsskule (alle klassetrinn) og Eid vidaregåande skule (fem klasser), deltok i eit opplegg i klassene der det vart svart på spørsmål knytt til framtidig utvikling av Eid som samfunn. Opplegget vart gjennomført i løpet av mars.

APRIL 2013:

Administrasjonen arbeidde fram eit fullstendig

framlegg til samfunnsdel i perioden mars/april fram mot politisk behandling før utlegging til offentleg ettersyn. I dette arbeidet vart det og tatt omsyn til nasjonale forventingar til kommunal planlegging.

I formannskapsmøtet 11. april vart det gjennomført drøfting knytt til eit utkast av samfunnsdelen. Eit nytt utkast vart lagt fram som referatsak i ungdomsrådet 15. april, og i eldrerådet og råd for funksjonshemma i møta 17. april. Samfunnsutviklingsutvalet og driftsutvalet behandla utkastet i møta 18. april.

I formannskapsmøtet 25. april vart forslaget til kommuneplanen sin samfunnsdel vedteken lagt ut til offentleg ettersyn.

OFFENTLEG ETTERSYN:


Forslaget til kommuneplanen sin samfunnsdel låg ute til offentleg ettersyn og vart sendt på høyring frå 25. april til 6. juni. Det kom inn ti uttaler til planforslaget.

JUNI 2013:

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart politisk behandla av samfunnsutviklingsutvalet, driftsutvalet og formannskapet før kommunestyret vedtok den i møtet 20. juni.


VEGEN VIDARE, FRÅ VISJON TIL HANDLING

I Eid kommune sin samfunnsdel kjem det fram kva som er vårt mål for framtidig utvikling, og korleis vi vil at samfunnet vårt skal vere i 2025. På eit overordna nivå er det gjort klart kva strategiar Eid kommune vil nytte i arbeidet med å påverke utviklinga i ynskt retning. Strategiane har innverknad på korleis ressursbruken vil bli prioritert for å nærme oss målet i 2025.



Samfunnsdelen er overordna og legg difor føringar for utarbeiding av kommunedelplanane og ulike temaplanar i kommunen. Det må handlingar til for å få den utviklinga vi vil ha, difor vert samfunnsdelen følgt opp gjennom handlingsdelen. Handlingsdelen er kopla saman med økonomiplanen for å sikre at det vert gjennomført ei prioritering, og at det vert sett av ressursar til gjennomføring.

Kommuneplanen sin samfunnsdel legg føringar for prioriteringar med tanke på arealdisponering i kommuneplanen sin arealdel. Arealdelen har same tidsperspektiv som samfunnsdelen, men i tillegg er den juridisk bindande.



Kvart fjerde år i samband med planstrategien skal det vurderast om kommuneplanen sin samfunnsdel skal reviderast og kor omfattande denne revisjonen eventuelt skal vere. Vedteken samfunnsdel skal følgjast opp gjennom handlingsdelen.

Handlingsdelen skal rullerast kvart år i samband med økonomiplanen. Gjennom handlingsdelen vert det vedteke meir konkrete tiltak for å nå måla i samfunnsdelen. Handlingsdelen tar opp i seg handlingsdelar frå alle kommunedelplanar som kommunen må løyve ressursar til for å få gjennomført tiltak.

For meir informasjon om Eid kommune sitt plan-system og oversikt over når dei ulike kommunedelplanane skal rullerast, sjå planstrategien.

OPPBYGGING OG OMGREPSBRUK

Under kapittelet "Eidasamfunnet i 2025" blir det på eit veldig overordna nivå gjort greie for korleis vi ynskjer at samfunnet vårt skal vere i 2025. Desse måla er nesten visjonære, og vi kan ikkje rekne med at dei vert innfridde. Meininga med kapittelet er å gi oss ei felles forståing for kva vi vil strekke oss mot, og i kva retning vi ynskjer å utvikle oss.

Vidare kjem seks kapittel som går inn på mål og strategiar innan ulike tema. Dei første fem er knytt til Eid som samfunn, medan det siste er knytt til kommunen som organisasjon. Alt heng saman, for å skape ein struktur har vi likevel skilt mellom desse temaa. I utforming av tema har vi hatt innbyggjarar, arbeidstakarar, næringsdrivande, besøkande og frivillige i lokale lag og organisasjonar i tankane.



Dei tre første temaa: bu, oppvekst og helse/omsorg er alle knytt til å vere innbyggjar i Eid. Vi har likevel tatt med alle tre temaa fordi størsteparten av tenesteproduksjonen og dermed mesteparten av ressursbruken vert lagt ned innanfor oppvekst og helse/omsorg.

Vi vil framheve tre tverrfaglege tema som er integrerte som ein del av dei temaa vi brukar i samfunnsdelen. Om vi skal oppnå noko innan desse områda, må dei vere ein del av alt det vi gjer. Desse temaa er berekraftig utvikling, folkehelse og kultur i vid forstand.

Arealkonsekvensar er og aktuelt innan alle temaa. Desse vil bli følgt opp gjennom kommuneplanen sin arealdel.

Kvart tema er bygd opp rundt følgjande:

- Ei overskrift som fortel kva Eid inviterer til innanfor dette temaet.

- Fakta og særlege utfordringar med litt statistikk (der vi er over 100 i verdi er vi betre enn landsgjennomsnittet), meir informasjon om statistikk kan ein finne i planstrategien.
- Ein målboks som gjer nærare greie for kva vi vil oppnå innanfor kvart tema utover det som er skildra under kapittelet "Eidasamfunnet i 2025".
- Opplisting av strategiar inndelt etter kommunen sine ulike roller: samfunnsutviklar, forvaltar og tenesteytar (nummereringa av strategiane er ikkje gjort på bakgrunn av prioritering, men for å lettare kunne bruke dei som referanse seinare).
- Utdrag frå ulike innspel i planprosessen.
- Oppsummering av kommunedelplanar som skal følgje opp samfunnsdelen innanfor temaa (oversikt over når kommunedelplanane skal reviderast er å finne i planstrategien).

For at det skal vere lett å sjå igjen strategiar som angår dei tverrfaglege tema og dei som har arealkonsekvensar, blir dei markerte med eit symbol, sjå under.



Berekraftig utvikling



Folkehelse



Kultur



Arealkonsekvensar

Strategiar som er markerte med eit symbol for berekraftig utvikling, folkehelse eller kultur, er strategiar ein meiner har positive konsekvensar for desse tverrfaglege tema.

Under vert det gjort greie for ein del omgrep som vert brukt i samfunnsdelen.

EID INVITERER:



Slagordet "Eid inviterer" med tilhøyrande profil, er eit konsept som vert nytta av Eid kommune og av næringsliv, lag og organisasjonar for å profilere Eid.

Eid har invitert gjennom mange generasjonar, og vil fortsette med det. I samfunnsdelen er det innanfor kvart tema gitt eit innblikk i kva vi ynskjer å invitere til. Det er også nytta fargar frå "Eid inviterer" profilen. For meir informasjon om «Eid inviterer», sjå www.nordfjordeid.no

MÅL:

Mål = dit vi vil, det vi vil oppnå

I samfunnsdelen skal måla vere heilskaplege, det vil seie at dei skal famne breitt og på tvers av sektorar. Måla skal vere langsiktige med eit tidsperspektiv på minst tolv år fram i tid.

Dette har betyding for korleis måla er formulerte. Sjølv om det er urealistisk å tru at vi vil nå alle måla i løpet av tolv år, vil vi vite noko om kva utvikling vi strekker oss etter.

STRATEGI:

Strategi = måten vi prioriterer å bruke ressursar på undervegs for å nå målet vårt

For å nå eit mål kan ein ta i bruk mange ulike strategiar. I samfunnsdelen må vi prioritere dei strategiane som vi vil nytte på vegen mot målet. Det vil seie at samtidig som vi vel å bruke nokon strategiar, vel vi vekk andre strategiar. Grunna det heilskaplege og langsiktige perspektivet, er det viktig at strategiane vert formulerte på ein måte som gjer at vi kan tilpasse oss endringane som skjer rundt oss, strategiane må vere "levande". Slik kan samfunnsdelen fungere som eit styringsverktøy også ved endring i omgjevnadene. I samfunnsdelen har vi fleire mål, difor er det viktig å ha i mente at ein strategi som er meint å nyttast for å nå eit mål også kan ha positive eller negative effektar for andre mål.

HANDLING:


Handling = det vi gjer

For å nå måla er vi avhengige av handlingar både frå kommunen som organisasjon og frå andre aktørar lokalt og regionalt. Samfunnsdelen vil i hovudsak bli følgt opp gjennom handlingsdelen, avdelingane sine verksemdsplanar og kommunedelplanar med tilhøyrande handlingsdelar.

MÅL, STRATEGI OG HANDLING:

I dag står vi i noverande situasjon, om vi vil endre denne set vi oss eit mål for ynskt situasjon i framtida. Vi tar i bruk ulike strategiar for å velje mellom handlingar som skal føre oss framover mot målet.

SAMFUNNSUTVIKLAR:



Samfunnsutvikling handlar om å påverke det som skjer i samfunnet slik at det vert ei positiv utvikling med attraktive samfunn og gode levekår for innbyggjarane. Kommunen har ei rolle i å bidra til utvikling av samfunnet innanfor område som har høg prioritet eller område som har låg grad av ynskt utvikling. Her er det snakk om det kommunen vel å gjere utanom kjerneoppgåvene og det som er lovpålagt. For å oppnå meir driv i retning av den ynskta utviklinga inngår kommunen ofte samarbeid med lokale, regionale og nasjon-

ale aktørar på vegen mot målet. Rolla som samfunnsutviklar kan følgjast opp både gjennom politisk og administrativt arbeid. Vi vil utdjupe ansvaret for handlingar gjennom arbeidet med kommunedelplanar og handlingsdelen. Døme frå samfunnsutviklarrolla: Sikre attraktivt bu- og næringsareal, samarbeide med næringsliv, lag og organisasjonar og vere katalysator for private initiativ.

FORVALTAR:

Forvaltning handlar om å administrere felles verdier. Kommunen har gjennom lovverk fått mynde til å forvalte ein del oppgåver innan sitt geografiske område. I rolla som forvaltar gjer kommunen vedtak som påverkar rettar og plikter til innbyggjarane. Forvaltning skjer etter lov og regelverk, både nasjonalt, regionalt og kommunalt. Innan ein del område har kommunen sjølv mynde til å definere regelverk så lenge det ikkje strir med nasjonale føringar. Døme frå forvaltarrolla: byggesak og tildeling av heimetenester.

TENESTEYTAR:

Kommunen sine kjerneoppgåver ligg innanfor tenesteyting. Dette er oppgåver som skal løysast og som har ei forankring i lovverk, enkeltvedtak eller gjennom kommunale vedtak. I rolla som tenesteytar skal kommunen syte for at innbyggjarane får eit tenestetilbod med rett kvalitet og kapasitet. Døme frå tenesteytarrolla: barnehage, skule og heildøgnssorg.



Foto: Øystein Torheim/Fantastiske Osberget



Foto: Øystein Torheim/Fantastiske Osberget

Berekraftig utvikling:



Formålet med plan- og bygningslova er å "...fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner", jf. § 1-1. FN har definert bærekraftig utvikling slik: "Bærekraftig utvikling handler om å ta vare på behovene til mennesker som lever i dag, uten å ødelegge framtidige generasjoners mulighet til å dekke sine." Bærekraftig utvikling er eit omgrep som famnar breitt.

Eid kommune ynskjer å ha ein god miljøprofil, og ser det som viktig å tilpasse samfunnet til kommande klimautfordringar for å redusere sårbarheita i samfunnet vårt.

Folkehelse:



Folkehelse handlar om det heile mennesket. I folkehelselova § 3 er folkehelse definert slik: "...befolkningens helsetilstand og hvordan helsen fordeler seg i en befolkning", og folkehelsearbeid slik: "...samfunnets innsats for å påvirke faktorer som direkte eller indirekte fremmer befolkningens helse og trivsel, forebygger psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, eller som beskytter mot helsetrusler, samt arbeid for en jevnere fordeling av faktorer som direkte eller indirekte påvirker helsen".

Eid kommune ynskjer å ha eit heilskapleg fokus på faktorene som har innverknad på helsa med tiltak i alle sektorar for å kunne skape gode oppvekst- og levekår. Kommunen ynskjer å legge til rette for sunne levevanar og fremje fellesskap, tryggleik og deltaking i lokalmiljøet.

Kultur:



Dette er eit vidt omgrep som det vert lagt ulikt innhald i. I kulturlova § 1 står det at kommunane skal "...fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk". Vidare er kulturverksemd definert i kulturlova § 2: slik: "...skapa, produsera, utøva, formidla og distribuera kunst- og andre kulturuttrykk ... verna om, fremja innsikt i og vidareføra kulturarv ... delta i kulturaktivitet ... utvikla kulturfagleg kunnskap og kompetanse." Kultur handlar om menneskja som har sett sine spor i tidlegare tider og som set sine spor i dag, både materielt og immaterielt.

Eid kommune ynskjer å spele på kulturressursane som vi har i samfunnet, og bidra til å vidareutvikle desse fordi vi ser at kultur er viktig for livskvalitet og identitet.

Arealkonsekvensar:



Ein del av strategiane har betydning for føringar knytt til bruk og vern av areal. Desse vert følgt opp gjennom kommuneplanen sin arealdel som er juridisk bindande.

EIDASAMFUNNET I 2025

Vi ynskjer at utviklinga i Eid kommune skal gå i ei retning som fører til at **samfunnet vårt** i 2025 vert kjenneteikna av følgjande:

- Innbyggjarar kjenner seg trygge, opplever å bu i inkluderande nærmiljø og lever gode og meningsfulle liv.
- Både tilflyttarar og næringsdrivande etablerer seg i Eid fordi det er enkelt og fordi dei kjenner seg velkomne.
- Innbyggjarar og besøkande, både i sentrum og i bygdene, opplever å vere del av eit levande samfunn.
- Innbyggjarar og besøkande deltek i aktivitetar og skapar aktivitet fordi dei ynskjer å bidra til positiv utvikling.
- Innbyggjarar, besøkande og næringsliv brukar naturen aktivt på ein berekraftig måte.
- Samarbeid mellom frivillige og næringsdrivande gjer Eid til den leiande kultur- og arrangementsstaden i regionen.
- Kommunikasjonen med omverda er god og til nytte for innbyggjarar, næringsdrivande og besøkande.
- Eid er del av eit stort regionalt bu-, arbeids- og serviceområde der dagens kommune-/fylkesgrenser ikkje skapar barrierar for dei som nyttar seg av jobb, utdannings-, kultur- og fritidstilbod på tvers av grensene



Foto: Eid kommune



Foto: Eid kommune



Foto: Øystein Torheim / Fantastiske Osberget



Foto: Eid Inviterer



Foto: Eid kommune

Vi ynskjer at utviklinga i Eid kommune skal gå i ei retning som fører til **at organisasjonen vår** i 2025 vert kjenneteikna av følgjande:


- Er gode på å samarbeide både internt i organisasjonen og med andre aktørar i og utanfor kommunen
- Har evne til å reagere på gode initiativ
- Er gode på å lære av beste praksis

Å BU I EID

- EID INVITERER TIL Å BU MIDT I NORDFJORD



Foto: Øystein Torheim/Fantastiske Osberget



- A - Folketalsvekst siste 5 år
- B - Innvandring som andel av folketallet
- C - Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for byggesaker med 3 veker frist
- D - Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for byggesaker med 12 veker frist
- E - Gjennomsnittleg saksbehandlingstid, oppmålingsforretning

Landet er 100, over 100 er betre enn landet, under 100 er dårlegare enn landet

FAKTA OG SÆRLEGE UTFORDRINGAR:

- Samla system for mottak av alle som flyttar til Eid
- Rett bustad ledig når folk vil flytte til Eid
- Utnytte den sentrale plasseringa i Nordfjord
- Relativt store avstandar og dårleg kommunikasjon ut av kommunen
- Liten aktivitet i Nordfjordeid sentrum utanom butikkane si opningstid
- Vere eit inkluderande lokalsamfunn

MÅL: Innbyggjarane i Eid skal ynskje å bli buande og innflyttarane skal kjenne seg velkomne.

Folketalet i Eid skal auke med 15% til 2025.

EID KOMMUNE SINE STRATEGIAR SOM SAMFUNNSUTVIKLAR:

1.1.

Påverke utbygging av infrastruktur i regionen gjennom samarbeid med næringsliv og andre kommunar

1.2.

Sikre god tilgang på gjennomgangsbustadar i sentrum

1.3.

Sikre tilgang på ledige tomter i alle kretsane



1.4.

Auke bruken av miljøvenlege og energieffektive løysingar i kommunal verksemd



1.5.

Utvikle aktivitet og trivsel gjennom samarbeid med frivillige lag og organisasjonar



1.6.

Arbeide med inkludering av innflyttarar og innvandrarar



1.7

Syte for variasjon i bustad-marknaden



EID KOMMUNE SINE STRATEGIAR SOM FORVALTAR:

1.8.

Planlegge areal for ny spreidd bustadbygging i landbruks-, natur-, og friluftsområde i tilknytning til anna busetnad og infrastruktur



1.9.

Nytte utbyggingsavtalar som verkemiddel i bustadpolitikken

1.10.

Syte for oppdatert og lett tilgjengeleg kommunalt planverk

1.11.

Planlegge fortetta utnytting av areal i sentrum



1.12.

Ta vare på det kulturhistoriske særpreget i Eidsgata og Tverrgata



1.13.

Ta omsyn til klimautfordringar ved bustadbygging



Foto: Eid Inviterer

EID KOMMUNE SINE STRATEGIAR SOM TENESTEY TAR:

1.14.

Tilby kommunale bustadtomter for sal når behovet ikkje vert stetta av private aktørar



1.15.

Syte for optimal infrastruktur i nye kommunale bustadfelt



1.16.

Syte for at 80 % av kommunale utleigebustader er i kommunalt eige

1.17.

Samle og samordne forvaltninga av kommunale utleigebustader

1.18.

Syte for trygge og funksjonelle kommunale vegar



UTDRAG FRÅ INNSPEL:

«Vi må skape ein kultur for å ta imot menneskje – vi må tørre å by på oss sjølv»

«Det må leggst til rette for bustadbygging sentrumsnært, med betre sosial profil, altså la folk med låg inntekt og einslege forsørgjarar få ei muligheit»

«Smil til ein ukjent :)»

«For at det skal vere trygt å bu i Eid må nokon sørgje for at det er måka og grusa på isen om vinteren»

«Når ein flyttar hit utan born er det vanskelegare å skape eit nettverk»

PLANAR SOM VIL FØLGJE OPP SAMFUNNSDELEN INNANFOR DETTE TEMAET:


- **Kommuneplanen sin arealdel**
- **Kommunedelplan for veg og trafikktrygging**
- **Kommunedelplan for energi og klima**
- **Kommunedelplan for vatn og avløp**
- **Beredskapsplanen**

Å VEKSE OPP I EID

- EID INVITERER TIL OPPVEKST I TRYGGE OG UTVIKLANDE OMGJEVNADER



Foto: Øystein Torheim/Fantastiske Osberget



- A - Andel styrarar og pedagogiske leiarar utan pedagogisk utdanning
- B - Andel av minoritetsspråklige barn som går i barnehage
- C - Andel assistentar i barnehage med relevant utdanning
- D - Andel elevar som ikkje har fullført og bestått vidaregåande innan fem år, snitt siste fire år
- E - Snitt grunnskolepoeng siste år
- F - Andel undersøkingar med behandlingstid over 3 mnd (barnevern)
- G - Stillingar med fagutdanning, pr. barn 0-17 år (barnevern)

Landet er 100, over 100 er betre enn landet, under 100 er dårlegare enn landet

FAKTA OG SÆRLEGE UTFORDRINGAR:

- Svakare resultat på nasjonale prøver på 8. årssteg i høve 5. årssteg
- Sikre tidleg sosial kompetanse
- Avdekke barn som treng ekstra språkstimulering i barnehagealder
- Oppretthalde gode resultat i basisfaga, der lesing står i særstilling
- Sikre at alle har minst ein god ven
- System for å avdekke mobbing så tidleg som muleg
- Sikre felles forståing for grensesetting – tverrfagleg – samarbeid med foreldre
- Avdekke ulike grader av omsorgssvikt på eit tidleg tidspunkt
- Del barn og unge med psykiske problem aukar

MÅL: Barn og unge i Eid skal få nytte og utvikle evnene sine i ein trygg oppvekst med rom for alle. Barn og unge i Eid skal bli sjølvstendige menneske med god fysisk og psykisk helse. Eid kommune skal hjelpe barn og unge til å meistre viktige utviklingsoppgåver, både fysisk, sosialt og kognitivt.

EID KOMMUNE SINE STRATEGIAR SOM SAMFUNNSUTVIKLAR:

2.1.

Gje alle barn ein trygg og tilpassa oppvekst i eit inkluderande fellesskap



2.2.

Samarbeide med frivillige lag og organisasjonar, med hovudfokus på barne- og ungdomsaktivitetar



2.3.

Sikre at barn og unge i størst mogeleg grad kan gå eller sykle til skulen gjennom å påverke utbygginga av trygge skuleveggar



2.4.

Stimulere til anleggsutvikling som skaper fysisk aktivitet, med fokus på anlegg i nærleiken av skulane og bustadområde



EID KOMMUNE SINE STRATEGIAR SOM FORVALTAR:

2.5.

Planlegge kontakt mellom natur- område og barnehage og skule



2.6.

Planlegge gang- og sykkelvegar frå bustadområde til skule



2.7.

Sikre areal for eventuelle endringar i barnehage- og skulestruktur



UTDRAG FRÅ INNSPEL:

«Det kunne vore betre å vere ungdom i Eid dersom det var meir fokus på mobbing»

«Vi må gjere det interessant å sjå på naturen og vere bevisst på alt det vi går forbi når vi er ute på tur»

«Eg bur på hybel og har ikkje anna enn lekse- arbeid og trening å ta meg til. Saknar tilbod og ein sosial møtestad»



Foto: Øystein Torheim/Fantastiske Osberget

EID KOMMUNE SINE STRATEGIAR SOM TENESTEYNTAR:

2.8.

Tilby skulefritidsordning ved alle skular



2.9.

Ha eit breiddetilbod i kulturskulen gjennom til dømes korps, kor, bildekunst og dans



2.10.

Ha eit spesialisert tilbod i kultur- skulen med ein til ein og smågruppe- undervisning



2.11.

Aktivt bruke friluftsområde i nærleiken av barnehagar og skular



2.12.

Syte for at alle barn og unge har ein oppvekst og ei opplæring saman med andre



2.13.

Hjelpe flest mogeleg barn og unge som treng ekstra tilrettelegging gjennom å integrere samarbeidet mellom dei ulike tenestene



2.14.

Legge særleg vekt på basisfaga norsk, matematikk og engelsk

2.15.

Ha eit tett samarbeid mellom skule, kultur og næringsliv



PLANAR SOM VIL FØLGJE OPP SAMFUNNSDELEN INNANFOR DETTE TEMAET:


- **Kommuneplanen sin arealdel**
- **Kommunedelplan for oppvekst**
- **Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet**
- **Kommunedelplan for veg og trafikktrygging**
- **Kommunedelplan for energi og klima**

Å HA SITT HELSE- OG OMSORGSTILBOD I EID

- EID INVITERER TIL FØREBYGGANDE AKTIVITETAR OG ANDRE HELSE- OG OMSORGSTILBOD



Foto: Eid kommune



- A - Andel årsverk med fagutdanning (Pleie og omsorg/vernepleie)
- B - Tid med lege og fysioterapi per veke per bebuar i sjukeheim
- C - Andel plassar i einerom med eige bad/wc
- D - Korttidsplassar som andel av befolkninga 80+
- E - Andel med sosialhjelp som hovudinntektskjelde
- F - Stønadslengde lengre enn 6 mnd

Landet er 100, over 100 er betre enn landet, under 100 er dårlegare enn landet

FAKTA OG SÆRLEGE UTFORDRINGAR:

- Større ansvar for innbygarane si helse gjennom samhandlingsreforma
- Auka fokus på førebyggjande arbeid som kan bidra til at folk i større grad tar ansvar for eiga helse.
- Auka krav til rehabilitering /habilitering etter behandling i spesialisthelsetenesta.
- Manglande aktivitets- og arbeidstilbod for personar som fell utanfor det ordinære arbeidslivet
- Auka krav til brukarinvolvering både på individ- og systemnivå
- Fleire tilfelle av kreft og personar med demens

MÅL: Innbygarane skal oppleve livsmeistring og livskvalitet, og i størst mogeleg grad vere aktive, ta ansvar sjølve og kunne meistre vanskelege livssituasjonar.

EID KOMMUNE SINE STRATEGIAR SOM SAMFUNNSUTVIKLAR:

3.1.

Skape variasjon som eit alternativ eller supplement til kommunale helse- og omsorgstenester gjennom forpliktande samarbeid med arbeidsmarknadsverksemdar, næringsliv og frivillige organisasjonar



3.2.

Skape gode helsetilbod til innbygarane gjennom samarbeid med kommunane i Nordfjord og spesialisthelsetenesta

EID KOMMUNE SINE STRATEGIAR SOM FORVALTAR:

3.3.

Sikre brukarane sin medråderett

3.4.

Sikre tverrfaglege vurderingar av brukaren sitt tenestetilbod

3.5.

Planlegge lokalisering av heildøgn-omsorgstenester sentralt i kommunen



UTDRAG FRÅ INNSPEL:

«Det må vere råd å kome seg til Eid utan å måtte be naboar eller familie om å køyre»

«Eg vil ha omsorgsbustadar i sentrum, med gangavstand til butikkar med meir»

«Eg meiner det er viktig å få hjelp der ein bur, difor er heimetenesta viktig»

«Det er viktig å ha noko konkret å gjere på»

«Vi må framsnakke og vise fram dyktige fagarbeidarar»

PLANAR SOM VIL FØLGJE OPP SAMFUNNSDELEN INNANFOR DETTE TEMAET:

- **Kommuneplanen sin arealdel**
- **Kommunedelplan for helse- og omsorgstenestene**
- **Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet**

EID KOMMUNE SINE STRATEGIAR SOM TENESTEYTAR:

3.6.

Formidle oppdatert og relevant informasjon som kan verke førebyggjande for innbyggerane si psykiske og fysiske helse



3.7.

Motivere innbyggerane til å ta ansvar for eiga helse



3.8.

Tenesteprinsipp: Hjelp til sjølvhjelp



3.9.

Prioritere tidleg innsats med tverrfagleg koordinering for å unngå at brukarane sine problem vert større over tid



3.10.

Bidra med eit tenestetilbod som lar innbyggerane få bli i eigen heim så lenge som råd mellom anna ved bruk av omsorgsteknologi

3.11.

Nytte individuelle kartleggingar av behov i heimen i aldersgruppene over 75 år, for å legge til rette slik at innbyggerane får bli i eigen heim så lenge som råd

3.12.

Samordne aktivitetstilbodet for fleire brukar-grupper som er utanfor det ordinære arbeidslivet



3.13.

Ta i bruk kulturaktivitetar som eit verke-middel for å skape betre livskvalitet




3.14.

Ha eit spesielt fokus på barn og unge i førebyggjande arbeid

Å ARBEIDE ELLER DRIVE NÆRING I EID

- EID INVITERER TIL INNOVATIVT NÆRINGSLIV OG STOR ARBEIDSMARKNADSREGION



- A - Varehandel per innbygger 2011
- B - Relativ vekst i tall arbeidsplassar
- C - Vekstimpulsar frå basisnæringane
- D - Besøksattraktivitet
- E - Bostedsattraktivitet

Landet er 100, over 100 er betre enn landet, under 100 er dårlegare enn landet

FAKTA OG SÆRLEGE UTFORDRINGAR:

- Byggeklart næringsareal
- Låg arbeidsmarknadsintegrasjon (pendling)
- Liten handelslekkasje mellom kommunar i Nordfjord
- Samordning av det samla næringsapparatet
- Rekruttering av personell med rett kompetanse

MÅL: Næringsdrivande skal oppleve at det er lett å utvikle og etablere verksemdar i Eid. Kultur som næring skal vere ei merkevare for Eid, og vi skal ha ei sentrumsutvikling som styrkar Eid sin attraktivitet i regionen.

Eid skal ha 400 fleire arbeidsplassar innan 2025.

EID KOMMUNE SINE STRATEGIAR SOM SAMFUNNSUTVIKLAR:

4.1. Bidra til næringsutvikling og utvikling av Nordfjord som bu- og arbeidsmarknadsregion gjennom interkommunalt samarbeid

4.2. Bidra til utvikling der Nordfjordeid fyller dei forventa sentrumsfunksjonane 

4.3. Støtte opp om gründerar og nye etablerarar

4.4. Delta i fellesarenaer for næringsutvikling

4.5. Arbeide for å få fleire statlege arbeidsplassar i Nordfjord

4.6. Sikre framtidig rekruttering til næringslivet gjennom å delta i samarbeid mellom næringsliv og skule

4.7. Arbeide for gode pendlingsforhold inn og ut av kommunen, med fokus på bru Lote-Anda  

4.8. Styrke Eid som energisenter 

4.9. Styrke Eid som regionalt senter for helsetenester 

4.10. Styrke Eid som kulturnæringscenter i regionen



EID KOMMUNE SINE STRATEGIAR SOM FORVALTAR:

4.11. Samarbeide med utdanningsinstitusjonar om desentralisert utdanningstilbod

4.12. Utvikle besøksnæringane gjennom å utnytte Eid si sentrale plassering

4.13. Arbeide for at forretningane i Eidsgata har ei god tilknytning til Sjøgata



4.14. Sikre næringsareal i tilknytning til hovudferdselsårer



4.15. Støtte opp om utvikling av Harpefossen skisenter/hyttegjeng



4.16. Eid skal vere eit handelssenter

4.17. Styrke merkevara Eid Inviterer

4.18. Ivareta Eidsgata i høve til både kulturminne og handel

4.19. Ha fokus på kortreist handel

4.20. I størst mogeleg grad lokalisere nytt næringsareal i tilknytning til eksisterande næringsareal, infrastruktur og hovudferdselsårer



4.21. Lokalisere detaljhandelen med tyngdepunkt i Eidsgata og Sjøgata



4.22. Knyte saman Eidsgata og Sjøgata ved å sikre korridorar og kommunikasjon mellom gatene gjennom planlegging



4.23. Ta omsyn til landbruksnæringa gjennom å sikre lettdrivne, større og samanhengande landbruksareal i arealforvaltninga



EID KOMMUNE SINE STRATEGIAR SOM TENESTEYAR:

4.24. Ha eit interkommunalt apparat for næringsrådgjeving og gründeroppfølging

4.25. Ha tett kontakt med næringslivet

4.26. Tilby barnehageplassar for tilflyttarar som ville hatt lovbestemt rett om dei var innbyggjarar

4.27. Legge til rette for integrering av arbeidsinnvandrarar



4.28. Tilby næringsareal og lokale til etablerarar gjennom Eid industrihus

4.29. Ta omsyn til skognæringa gjennom å sikre naudsynt kvalitet på kommunale vegar i samsvar med hovudplanen for skogsbilvegar



UTDRAG FRÅ INNSPEL:

«Vi har mykje å skryte av, og bør gjere det»

«Det er viktig at eksisterande næringsliv har mogeheit til å ekspandere»

«Eg meiner at vi manglar opparbeidd næringsareal som er heilt byggeklart»

«Det er ei oppfatning blant folk at det ikkje er arbeid på Eid – også for dei med lågare utdanning»

«Nyetablerte bedrifter treng hjelp i ein tidleg fase»

PLANAR SOM VIL FØLGJE OPP SAMFUNNSDELEN INNANFOR DETTE TEMAET:


- **Kommuneplanen sin arealdel**
- **Kommunedelplan for næringsutvikling (interkommunal)**
- **Kommunedelplan for energi og klima**
- **Kommunedelplan for veg og trafikktrygging**

Å TILBRINGE AKTIV FRITID I EID

- EID INVITERER TIL MANGFALDIG FRITIDSTILBOD FOR BÅDE FASTBUANDE OG BESØKANDE



Foto: Øystein Torheim/Fantastiske Osberget



Landet er 100, over 100 er betre enn landet, under 100 er dårlegare enn landet

FAKTA OG SÆRLEGE UTFORDRINGAR:

- Mange hinder å forsere i etablering av turstiar og gang- og sykkelvegar
- Balansere mellom utbygging og vern/forvaltning
- Det er få uformelle møteplassar i sentrum og i bygdene

MÅL: Kommune, næringsliv og frivillige lag og organisasjonar skal samarbeide om å utvikle fritidsaktivitetar, tilpassa dei ulike livsfasane, innan kultur, idrett og friluftsliv. Eldsjelene skal ha gode vilkår i Eid. Vi skal ha eit sentrum med kvalitetar og tilbod som er attraktive både for fastbuande og besøkande.

5.3. Bidra til ei utvikling der bygdene er levande



5.4. Vere ein katalysator for kulturarrangement



5.5. Sikre og legge til rette for tilgang til natur- og friluftsliv-opplevingar for allmenta



5.6. Støtte opp om aktive og inkluderande fritidsaktivitetar



5.7. Fremme positiv utvikling og dyrke fram dei gode initiativa gjennom samarbeid med "eldsjeler"



EID KOMMUNE SINE STRATEGIAR SOM SAMFUNNSUTVIKLAR:

5.1. Bidra til utvikling av eit levande sentrum



5.2. Ta vare på særpreget og sentrums-kjensla i Eidsgata



www.eid.kommune.no | www.eidinviterer.no



Foto: Eid kommune

EID KOMMUNE SINE STRATEGIAR SOM FORVALTAR:

5.8. Legge til rette for trygge kommunikasjonsårer for gåande og syklande



5.9. Legge til rette for aktiv livsstil og auka friluftsliv ved å knyte saman sentrum og bustadområde med friluftsområde



5.10. Legge til rette for auka bruk av strandsona og fjorden



5.11. Planlegge for samordna utbygging av kaier og moloar



5.12. Legge til rette for hyttebygging i sjønære område der dette ikkje kolliderer med allmenta sin bruk



5.13. Legge til rette for aktiv og berekraftig bruk av naturen



5.14. Verne om naturressursar, kulturminne og særpreg i naturen



5.15. Verne om særpreget på setrane



5.16. Legge til rette for hesteaktivitetar



5.17. Sikre friområde i sentrum



5.18. Planlegge for utvikling av uformelle møteplassar



EID KOMMUNE SINE STRATEGIAR SOM TENESTEYTAR:

5.19. Tilby eit variert kulturtilbod i Operahuset



5.20. Utvikle biblioteket som ein kulturarena



5.21. Ha eit variert kinotilbod



5.22. Stille lokale til disposisjon for fysisk og kulturell aktivitet



UTDRAG FRÅ INNSPEL:

«Eg likar godt at Eid ligg ved sjøen»

«Vi manglar ein ute-plass for ungdomar mellom 18 og 20 år. Ungdomen trenger ein plass der dei kan samlast og vere sosiale. Der ungdomar ikkje lenger treng å sitte heime for å kunne vere sosiale»

«Unge må få bestemme og delta i oppbygginga av aktivitetstilboda»

«Vi må skape ein samarbeidskultur, der vi respekterer kvarandre sin eigenart»

«Eg skulle ynskje at det var meir fellesaktivitetar mellom ungdomar og betre samarbeid mellom bygdene i Eid»



Foto: Eid inviterer

PLANAR SOM VIL FØLGJE OPP SAMFUNNSDELEN INNANFOR DETTE TEMAET:

- **Kommuneplanen sin arealdel**
- **Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet**
- **Kommunedelplan for kulturminne**
- **Kommunedelplan for energi og klima**
- **Kommunedelplan for veg og trafikktrygging**

EID KOMMUNE SOM ORGANISASJON

- EID INVITERER TIL EIN IMØTEKOMANDE KOMMUNE

SÆRLEGE UTFORDRINGER:

- Eit tverrfagleg koordinert apparat i møte med brukaren
- Manglar gjennomgåande systematisk kvalitetsstyring
- Rekruttering av personell med rett kompetanse
- Bruke kommunikasjon som verkemiddel i det daglege arbeidet både operativt og strategisk

MÅL: *Eid kommune, gjennom medarbeidarane, skal ta godt i mot og ha ein ryddig og god tone med personar som tar kontakt med kommunen. Rollene og ansvarsforholda til dei ulike avdelingane skal vere tydelege og kommuniserte både internt i organisasjonen og ut til innbyggjarane. Eid kommune skal ha stolte medarbeidarar som jobbar i ein organisasjon, er motiverte og trivast på jobb. Eid kommune skal følgje opp og gjere det vi seier vi skal gjere.*

UTDRAG FRÅ INNSPEL:

«Vi burde bli betre på tverrfagleg samarbeid og koordinerte tenester»

«Vi burde samarbeide betre med regionale aktørar for å fremje lokale interesser i større prosjekt»

«Eg meiner at heimesida burde vore meir oppdatert. Det er her ein søker informasjon»

EID KOMMUNE SINE STRATEGIAR FOR Å UTVIKLE ORGANISASJONEN:

- 6.1.** Vere ein god og heilskapleg tenesteytar, forvaltar og samfunnsutviklar ved å dele kompetanse og kunnskap mellom avdelingane
- 6.2.** Utvikle rett kompetanse og kunnskap i høve den tenesta som skal ytast gjennom systematisk opplæring og vidareutdanning av medarbeidarar i organisasjonen
- 6.3.** Rekruttere rett kompetanse med tanke på formål og behov i organisasjonen
- 6.4.** Ta i bruk eksisterande kunnskap, beste praksis og ny teknologi som andre aktørar har utvikla og vi ser som nyttig i vår organisasjon, til dømes bruke nasjonale retningslinjer
- 6.5.** Dele "suksess" med kvarandre
- 6.6.** Inngå i interkommunalt samarbeid der det er hensiktsmessig for å levere eit godt tilbod til innbyggjarane
- 6.7.** Oppnå mål innan tenesteyting, forvaltning og samfunnsutvikling gjennom samarbeid med andre aktørar, lokalt, regionalt og nasjonalt
- 6.8.** Kommunisere med innbyggjarane på ein formålstenleg måte ved bruk av elektroniske medium
- 6.9.** Informere og oppdatere allmenta gjennom media, om korleis arbeidet innan ulike område går
- 6.10.** Profilere Eid som samfunn og organisasjon i samarbeid med lokale aktørar
- 6.11.** Sikre gode tenester ved å etablere og utvikle verktøy for kvalitetsutvikling